



Dugnadsgruppa samla til kaffi og drøs på Stemneplassen. Rundt bordet f.v. sit: Ove Magne Myhre, Audun Eik, Steinar Kroka, Kurt Haugland, Leif Magne Framnes, Vidar Haugland, Svein Rimestad og Lars Myklebust. Knut Steinsletten, Jostein Grov, Pål Haugland og Bjarne Lilleaas var ikkje med då bilete vart tekne.

Dugnadsgruppa ha alt sidan oppstarten knappe to år sidan gjennomført fleire viktige samfunnsoppgåver i Uskedalen, prosjekt som går på bygg, vedlikehald og tiltak for å auka friluftssinteressa. Mange bygder har frivillige grupper for meir avgrensa gjeremål, som til dømes ein turveg. Uskedalen har ei allsidig gruppe med variasjon i det dei hjelper til med.

Dugnadsgruppa har vore på Grøntgrasbanen og område rundt. Gapahukane på Flåtene og Klepp er alt tekne i bruk. Det er utført eit stort og omfattande arbeid på Heio, både på klubbhuset og på banen. Stien ned lia til Mannsvatnet er utbetra og merka. Dugnadsgruppa har vore med på arbeidet med tilbygget på lagshytta Fjelly.

Uskedal Friluftslag med Stemneplassen er neste på lista. Dugnadsgruppa har alt vore med på rydding og planering. Det siste er renovering av scenebygget med nytt tak inne, lufting, ventilasjon og andre installasjonar.



Audun Eik saman med Ove Magne Myhre er arbeidsleiar for renoveringa av møterommet på Stemneplassen. Kvar torsdag møtest fast 8 - 10 personar, fordeler på arbeidet og går til sine plassar. Pål Haugland er arbeidsleiar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Vidar Haugland/ Kristian Bringedal



Medlemmer av Dugnadsgruppa i arbeid med gapahuken på Klepp. F.v: Lars Myklebust, Ove Magne Myhre, Steinar Kroka, Knut

Steinsletten og Svein Rimestad. Vidar Haugland var også med. Her er han fotograf.